



Etter siste sommarferie fekk elevar og lærarar eit lite sjokk då dei kom att på skulen: Den fine grillhytta var tagga fullstendig ned innvendig

Etter påskeferien no fekk dei eit nytt sjokk: Hytta var tagga ned ein gong til!

Og dette er ikkje andre gongen, men tredje gongen det skjer.

Dermed måtte sjette- og sjuandeklassingane (det er 21 av dei i dette skuleåret) i arbeid att.

Etterat skrift og teikningar er vaska grundig bort ventar naturleg nok ei velsmakande overrasking.

Framleis er det ingen som veit sikkert kven som nærmast har gjort det til ein vane å tagga ned grillhytta, men ettersom det skjer i feriar er det nærliggjande å tru at det i alle fall ikkje er uskedelingar som har ansvaret.

Over eit utsnitt av hytteveggen slik den såg ut før vaskinga og under elevane klare til innsats ein gong til.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

